

Trur at EU gir Norge

Tollbarrierar mot Noreg tener ikkje EU sine interesser, meiner forskar.

ØKONOMI

Pernille Ekornrud Grøndal, Bergen, Pål Hellesnes, Oslo

■ Ei av dei viktigaste sakene på bordet til nyslått finansminister Jens Stoltenberg er handelskrigen Trump har sett i gang.

– Vi skal gjere alt vi kan for å unngå at det blir handelsbarrierar overfor Noreg, sa Stoltenberg då han møtte pressa i går.

Christian Anton Smedshaug er ikkje like uroa for at handelskrigen vil ramme Noreg.

– Det er ikkje varsla straffetoll mot Noreg. Eg trur Noreg vil få unntak for eventuelle tollbarrierar som EU vil innføre, seier Smedshaug, som er førsteamanuensis ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) og dagleg leiar i Agri Analyse.

Somme fryktar handelskrigen vil ramme norsk stål- og aluminiumseksport. Tollen mot kinesiske varer i USA kan føre til at Kina dumpar varer, til dømes stål og aluminium, i stor monn i den europeiske marknaden. Det kan føre til at prisen på varene fell. For å demme opp for prisfallet kan EU innføre ein generell toll på stål og aluminium. Det kan ramme norsk eksportindustri hardt.

Trur Noreg får unntak

Sist gang EU innførte toll på stål og aluminium, under Trumps førre periode, fekk Noreg unntak. Smedshaug trur deltakinga til Noreg i EUs indre marknad vil tene oss vel.

– Vi er godt integrert i den europeiske marknaden via særstillinga EØS-avtala har som samarbeidsplattform med EU. Eg meiner det er sannsynleg at Noreg og EU finn løysingar på dette.

– EØS-avtalen omfattar korleie EU sin tollunion eller handelspolitikken deira. Verdas handelsorganisasjon (WTO) seier at tryggingstiltak skal vere like for alle tredjeland. Kvifor skal Noreg få unntak?

Tollkrig

■ Trump-administrasjonen har lenge varsla tollbarrierar mot fleire land.

■ USA har innført ein tilleggstoll på kinesiske varer på 10 prosent.

■ EU har varsla at dei vil slå tilbake om USA innfører tollbarrierar mot EU.

– Dei fleste varer Noreg eksporterer til EU, har EU stort behov for. Desse er det ikkje toll på i utgangspunktet. Varene våre komplementerer EU sin eigen produksjon. Det gjeld til dømes metall, kjemiske produkt, forsvarsmateriell og ammunisjon. EU har truleg ikkje interesse av å pålegge tollbarrierar her.

Nytt handelsparadigme

Russlands invasjon av Ukraina, pandemien og hoginflasjon har destabilisert det internasjonale handelssystemet. Smedshaug meiner han ser konturane av eit handelsøkonomisk paradigmeskifte.

– Kommunikasjonen frå Trump-administrasjonen er ein del av ein pågåande deglobalisering. Det trur eg mange ikkje tar innover seg.

Smedshaug peiker på tendens i norske medium til automatisk å sjå toll som eit gamaldags verkemiddel og noko som trugar internasjonal handel.

– Refleksanalysen er at toll alltid er eit problem, men biletet er mykje meir nyansert enn som så.

Å jamne ut handelsbalansen mellom stormaktene vil bli eit stort tema framover, meiner Smedshaug. Då vil verkemiddel som tollvern og beskyttelse bli enda viktigare, seier han:

– Vi blir nøydde til å få ei



EKSSPORT: Om eventuelle tollbarrierar frå EU på stål og aluminium vil ramme Norge, er det delte Meininger om. Her frå aluminiumsfabrikken til Norsk Hydro i Høyanger.

FOTO: VILMA TAUBO

”

Trump driv politisk innovasjon, enten vi likar det eller ikkje.

Christian Anton Smedshaug

meir dynamisk situasjonsforståing. Eg trur tida for globalisering er over, men det er vi ikkje i tilstrekkeleg grad budde på.

Politisk innovasjon

Utspela frå Trump-administrasjonen i helga bryt med den etablerte måten å føre internasjonal handelspolitikk på. Der handelspolitiske spørsmål før har vore åtskilte frå spørsmål om interna-

sjonal tryggleik, migrasjon og organisert kriminalitet, brukar Trump no tollbarrierar som pressmiddel i utanrikspolitiske forhandlingar.

Smedshaug trur likevel statsminister Støre har rett når han seier at vi må ta utspel frå Trump alvorleg, men ikkje bokstaveleg.

– Dette er politisk innovasjon, enten vi likar det eller ikkje.

inenriks@klassekampen.no